



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE
Den offentlege tannhelsetenesta

Rutinar for sending av bekymringsmeldingar til barnevernet



Avtalen er kvalitetssikra av:



Sogn barnevern
Balestrand, Leikanger, Luster og Sogndal

Avtalen er utarbeida i samarbeid mellom



Innhald

Tannhelsetenesta si opplysningsplikt til barnevernet.....	3
Barn og ungdom frå fødsel til og med det året dei fyller 18 år.....	3
Når sender ein bekymringsmelding til barnevernet?.....	3
"İkkje møtt" Ved gjentatt manglande oppmøte hjå pasientar (0 til og med 15 år)..	3
Om ein mistenkjer at pasienten (0 til 18 år) vert utsett for omsorgssvikt.....	3
Omsorgssvikt	4
Oppsummering	5
Dokumentering	5
Råd og rettleiing	6
Tannhelsetenesta sine prosedyrar for innkalling av pasientar 0 til og med 15 år, som ikkje møter til avtalt time.....	7
Recall 1:.....	7
Recall 2:	7
Tannhelsetenesta sine prosedyrar for innkalling av pasientar 16 til og med 18 år, som ikkje møter til avtalt time.....	8
Recall 1:.....	8
Recall 2:	8
"İkkje møtt brev"	9
Informasjon til føresette.....	10
Bekymringsmelding til barnevernet.....	11
Tannhelsetenesta sine prosedyrar for sending av bekymringsmelding ved mistanke om at pasient (0 til 18 år) er utsett for omsorgssvikt.	12
Bekymringsmelding til barnevernet.....	13
Mistanke om omsorgssvikt (Pasient 0–18 år)	13
Rutinar i OPUS for registrering og rapportering av meldingar og bortfall av pasientar i tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane.....	14
Rutiner i Opus ved registrering av bekymringsmeldinger og informasjon til foresatte.	15

Tannhelsetenesta si opplysningsplikt til barnevernet

Barn og ungdom frå fødsel til og med det året dei fyller 18 år

Lov om helsepersonell § 33:

“Den som yter helsehjelp, skal i sitt arbeid vere merksam på forhold som kan føre til tiltak frå barnevernstenesta si side. Utan hinder av teieplikta etter § 21 skal helsepersonell av eige tiltak gje opplysningar til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen, eller det føreligg andre former for alvorlig omsorgssvikt, jamfør Lov om barnevernstenesta § 4–10, § 4–11 og § 4–12. Det same gjeld dersom eit barn har vist vedvarande og alvorlige åtferdsvanskar, jamfør nemnt lov § 4–24.”

Når sender ein bekymringsmelding til barnevernet?

“Ikkje møtt” Ved gjentatt manglande oppmøte hjå pasientar (0 til og med 15 år).

Viser til tannhelsetenesta sine prosedyrar for innkalling. Sjå side 8–9.

Om ein mistenkjer at pasienten (0 til 18 år) vert utsett for omsorgssvikt.

Fysisk mishandling

Barn skades aktivt eller ved manglande tilsyn.

Psykisk mishandling

Kronisk holdning eller handling hjå føresette eller annan omsorgsgjevar som er øydeleggande eller hindrar utvikling av eit positivt sjølvbilde hjå barnet.

Seksuelle overgrep

Barn som av vaksne blir engasjert til seksuelle aktiviteter som dei ikkje er emosjonelt, seksuelt eller utviklingsmessig modne for.

Vanskjøtsel

Manglande dekning av barnets fysiske, kognitive, emosjonelle og eller sosiale behov.

Omsorgssvikt

Indikasjoner på fysisk mishandling

- Blå merker; kniping, slag, kastet/skubbet
- Brannsåre; sigarettar, varmeomn, strykejern
- Skoldingsskadar; varm væske
- Hovudskadar; fall, slag, risting (ofte seinskadar)
- Brottsskadar; armer, bein, tenner, kjeve
- Hårtap; lugging
- Såre, rifter, kutt, bitt, stikk, knivskader

Indikasjoner på seksuelle overgrep

- Ekstrem behandlingsvegring
- Ekstrem brekningstendens
- Vondt å sitte i stolen
- Vondt å gå
- Tause tårer

Indikasjoner på vanskjøtsel

- Underernæring
- Ekstrem fedme
- Manglande beskyttelse eller upassande påkledning i forhold til ver eller tid på døgnet med omsyn til for eksempel solforbrenning eller frostskeadar
- Manglande hygiene; negler, hår, tenner
- Gjentakende skadar, leik med kniv, stikksskadar eller liknande
- Forsinka utvikling av språk, motorikk eller vekst
- Uvanleg oppførsel, ekstremt merksemdsøskande eller unnvikande åtferd

Orale indikasjoner på omsorgssvikt

- Brannsåre; tunge, blautvev
- Blødingar, såre og febrinbelagte lesjonar i munnslimhinna
- Avrive leppe- eller tungeband
- Hevelsar, rifter, såre og blødingar på lepper eller i munnviker
- Kjevebeinsfraktur
- Frakturerte tenner
- Dislokaliserte tenner
- Manglande tenner
- Alvorlege erosjonar

Kva kan indikere at skaden skuldast omsorgssvikt?

- Plassering av skadar, er det naturleg å få denne type skade i dette området?
- Alder på skaden; er skaden ny eller har barnet gått med den ei stund?
- Alder på barnet; er denne type skade naturleg for barnet sin alder?
- Forklaring på korleis skaden har oppstått; forsøk å snakke med barnet aleine og deretter med føresette. Har barn og foreldre same forklaring?
- Er forklaringa samanfallande med skaden?
- Oppførsel til barn og føresette
- Har barnet andre tidlegare skadar, behandla /ubehandla?

Oppsummering

- Løft blikket. Sjå heile barnet, ikkje berre munnen.
- Vurder skadar / merke i samband med barnet sin alder og utvikling.
- Vurder skadar i samanheng med hendinga - er den sannsynleg?
- Sjå på samspelet mellom barn og føresette.
- Sjå på historikk, tidlegare traume, oppmøtehistorikk, karies osv.
- Opptre roleg og trygg.
- Ha dialog med barnet, våg å still opne spørsmål som ikkje kan svarast med ja eller nei.
- Still enkle konkrete spørsmål direkte til barnet:

Døme på spørsmål:

- Kven pussar tennene dine?
- Kven følgde deg til tannklinikken i dag?
- Når pussar du tennene dine?
- Korleis fekk du den skaden på tanna?
- Kva skjedde då tanna knakk/fall ut/blei blå osv.?
- Korleis fekk du det såret/ blå merket på halsen?
- Korleis har du det heime?
- Eg ser at noko er vanskeleg, fortell...

Dokumentering

- Skriv i journal: kliniske funn, pasienten sin åtferd (treng ikkje vere atypisk), forklaring på traume. Skriv nøyaktig, detaljert, objektivt og sakleg.
- Ta kliniske foto av alle traume.
- Bruk linjal el liknande for å dokumentera størrelse og omfang av skaden.
- Om du er usikker på dine observasjonar/ vurderingar, kall pasienten inn til ny time snarast råd. Finn eit påskot for ny time. Førebu deg og allier deg eventuelt med ein kollega som òg er behandlar for pasienten, for å få ei anna vurdering. Ta kontakt med ressursperson eller barnevernet for å få råd og rettleiing.

Råd og rettleiing

I saker der ein er usikker, kan ressursperson i tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane, samt barnevernstenesta gje råd og rettleiing. Drøftingar med ressursperson i tannhelsetenesta skal vera anonyme. Drøftingar med barnevernet skal vera anonyme inntil det føreligg ei bekymringsmelding til barnevernet.

Ressurspersonar i tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane:

Namn: Tlf: E-post:

Namn: Tlf: E-post:

Kontakt-team lokalt barnevern:

Namn: Tlf:

Tlf:

Tannhelsetenesta sine prosedyrar for innkalling av pasientar 0 til og med 15 år, som ikkje møter til avtalt time.

Recall 1:

- telefon
- oppspore pasient
- journalfør

Ikkje fått kontakt:

- Send "Ikkje-møtt brev"
- Individuell vurdering av innkallingsintervall, maksimum 12 mnd
- Journalfør

Recall 2:

- telefon
- oppspore pasient
- journalfør

Ved kontakt:

- Informer om at tannklinikken tilrettelegg for pasientar som av ulike årsakar synes det er vanskeleg å møte
- Journalfør

Ikkje fått kontakt med pasient (0 til og med 15 år):

- Send brev "Informasjon til føresette" med informasjon om at det blir sendt bekymringsmelding til barnevernet dersom tannklinikken ikkje høyrer frå dei innan 4 veker
- Informer klinikksjef med journalnummer
- Registrer "Informasjon til føresette" (0 til og med 15 år) i Opus, under personalia og tilhører gruppe: "informasjon til føresette"

Framleis ikkje kontakt med pasient (0 til og med 15 år) etter 4 veker send:

"Bekymringsmelding" vedrørende pasient som ikkje møter til tannbehandling til:

- Barnevernet
- Send kopi av bekymringsmeldinga til føresette
- Rapportar via e-post til ressursgruppa: Antal meldingar (i tilfelle søsken) og kva grunnlag meldinga er sendt (td ikkje-møtt)
- Informer klinikkleiaren med journalnummer
- Registrer bekymringsmelding i Opus, under personalia og tilhører gruppe: "bekymringsmelding"

Tannhelsetenesta sine prosedyrar for innkalling av pasientar 16 til og med 18 år, som ikkje møter til avtalt time.

Det skal ikkje sendast varsel til føresette på born frå 16 til 18 år som ikkje møter til avtalt time jamfør: Helsepersonell har som hovudregel teieplikt overfor pårørende til pasientar som er over 16 år, jf. pasient- og brukerrettighetsloven § 3–4. Dette inneberer at føresette i utgangspunktet ikkje skal ha informasjon om at eit barn over 16 år ikkje møter til time hjå tannhelsetenesta. Det er unntak frå dette dersom det er snakk om barn mellom 16 og 18 år som ikkje har samtykkekompetanse, jf. pasient og brukerrettighetsloven § 4–5.

Recall 1:

- telefon
- oppspore pasient
- Journalfør

Ikkje fått kontakt:

- Send "Ikkje-møtt brev"
- Individuell vurdering av innkallingsintervall, maksimum 12 mnd
- Journalfør

Recall 2:

- Telefon
- oppspore pasient
- Journalfør

Ved kontakt:

- Informer om at tannklinikken tilrettelegg for pasientar som av ulike årsakar synes det er vanskeleg å møte
- Journalfør

Ikkje fått kontakt med pasient (16 til og med 18 år):

- Send "Ikkje-møtt brev"
- Individuell vurdering av innkallingsintervall, maksimum 12 mnd
- Journalfør

“Ikkje møtt brev”

møtte ikkje til avtalt tid hjå tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane

Tannklinikk: _____

Dato og klokkeslett: _____

Tannpleiar/tannlege: _____

Dersom du ønskjer ny timeavtale må du sjølv kontakte tannklinikken.

Dersom vi ikkje høyrer frå deg, vil du få tilbod om ny time hjå oss innan 1 år.

Om det er særskilte grunnar til at du syns det er vanskeleg og møta opp, ber vi deg gje beskjed. Vi vil prøve og leggje til rette for dine ynskjer.

Med helsing

Tannlege/tannpleiar: _____

Tannklinikk/dato: _____

Informasjon til føresette

Pasienten sitt namn (under 16 år- til føresette)

Pasienten sitt fødselsår: _____

Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane skal gje regelmessig og oppsøkjande tilbod til barn og ungdom frå 0–8 år.

Vi har ved fleire høve registrert at barnet dykkar ikkje har møtt opp til avtalt time hjå oss. Det var sett opp avtalar hjå oss:

Vi har prøvd å kontakta dykk på telefon og sendt brev om dette, men har ikkje oppnådd respons. Tannklinikken har heller ikkje motteke opplysningar om at barnet får tannbehandling ved annan tannklinikk.

I fjølge Lov om tannhelsetenester er det vårt ansvar å medverka til at våre pasientar får tannbehandling samt ivareta oppfølging av generell tannhelse.

Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane er no bekymra for at barnet dykkar ikkje får dette tilbodet. Vi legg til rette for pasientar som syner det er vanskeleg å møte til tannbehandling. Det kan også avtalast time for ein samtale.

Vi ber deg/dykk kontakte oss innan 4 veker for timeavtale.

Helsepersonell har meldeplikt til barnevernet dersom det er forhold som vert reagert på. Jf. helsepersonellova § 33. Om vi ikkje høyrer frå deg/dykk ser me oss forplikta til å melda frå til barnevernet.

Vi vonar å høyre frå dykk snart.

Med helsing

Tannlege/tannpleiar: _____

Tannklinikk/dato: _____

Barnevernstenesta i _____

Bekymringsmelding til barnevernet

Vedrørende pasient (0 til og med 15 år) som ikkje møter til tannbehandling

Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane har som oppgåve å gje eit oppsøkande tilbod til barn og unge frå 0–18 år. I følgje Lov om tannhelsetenester skal tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane syta for at alle barn får nødvendig førebyggjande tannhelseteneste og behandling.

Viser til lov om helsepersonell § 33.

Tannhelsetenesta er pålagt opplysningsplikt til barnevernet, tiltak har heimel i *Lov om Helsepersonell § 33*

Vi er no bekymra for dette barnet og den vidare utviklinga av tannhelsa.

Sender med dette bekymringsmelding om følgjande pasient:

Namn: _____ Fødselsnummer: _____

Jente Gut Fødselsår: _____

Adresse: _____

Føresatt: _____

Denne pasienten har ved fleire høve ikkje møtt til avtalt time.
I følgje tannhelsejournalen har pasienten ikkje møtt på følgjande datoar:

Det er forsøkt å teke kontakt pr. telefon og sendt brev til føresatt, utan å oppnå respons. Det er heller ikkje motteke noko opplysningar om at barnet får behandling ved anna klinikk.

Med vennleg helsing tannklinikken _____ Telefon: _____

Tannlege/tannpleiar: _____

Kopi til føresatt

Tannhelsetenesta sine prosedyrar for sending av bekymringsmelding ved mistanke om at pasient (0 til 18 år) er utsett for omsorgssvikt.

- Føresette skal ikkje kontaktast eller ha kopi av bekymringsmelding dersom det er mistanke om overgrep eller barnemishandling på grunn av fare for tap av bevismateriale
- Kontakt kommunalt barnevern eller politi dersom objektive funn, åtferdsending eller avvikande forklaring gir grunn til mistanke om overgrep eller barnemishandling.
- Journalfør funn objektivt, nøyaktig og balansert.
- Beskriv pasienten si åtferd. Det treng ikkje vere atypisk åtferd.
- Dersom funna berre er kliniske, skal dette dokumenterast.
- Ta kliniske bilde.
- Send "Bekymringsmelding til barnevernet, mistanke om omsorgssvikt".
- Registrer bekymringsmelding i Opus, under personalia og tilhører gruppe: "bekymringsmelding"
- Rapportert melding anonymt via e-post til ressursgruppa. Oppgje årsaka til at det blir sendt melding.
- Informer klinikkleiaren med journalnummer.
- Ivareta søsken og psykisk utviklingshemma.
I saker som omhandlar ulike former for mishandling og omsorgssvikt skal ein alltid ta i betraktning at det kan vere fleire i ein familie som lev under uverdige forhold. Det er viktig at en har ekstra merksemd retta mot søsken til barn som ein mistenker har vore utsett for mishandling og/eller omsorgssvikt. Forsking viser at psykisk utviklingshemma er ei gruppe som er spesielt utsett for å oppleve mishandling og omsorgssvikt, derfor skal ein ha ekstra merksemd retta mot denne pasientgruppa.
- Klinikkleiaren har det overordna ansvaret for alle pasientar som høyrer til klinikken og har dermed ansvar for ivaretaking av søsken i saker som omhandlar bekymring.

Barnevernstenesta i _____

Bekymringsmelding til barnevernet

Mistanke om omsorgssvikt (Pasient 0–18 år)

Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane har som oppgåve å gje eit oppsøkande tilbod til barn og unge frå 0– 18 år. I følgje Lov om tannhelsetenester skal tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane syta for at alle barn får nødvendig førebyggjande tannhelseteneste og behandling.

Viser til lov om helsepersonell § 33.

Tannhelsetenesta er pålagt opplysningsplikt til barnevernet, tiltak har heimel i *lov om helsepersonell § 33*

Sender med dette bekymringsmelding om følgjande pasient:

Namn: _____ Fødselsnummer: _____

Jente Gut Fødselsår: _____

Adresse: _____

Føresatt: _____

Vi er no bekymra for dette barnet og den vidare utviklinga av tannhelsa.

Bakgrunn for meldinga: _____

Når oppsto bekymringa: _____

Kva er eventuelt gjort så langt: _____

Barnet si åtferd: _____

Ikkje møtt til timeavtalar på følgjande datoar: _____

Samarbeid med føresatt: _____ Er føresatt informert: _____

Hadde barnet følgje på klinikken: _____ med kven: _____

Skildring av funn og observasjonar: _____

Dato og underskrift: _____

Rutinar i OPUS for registrering og rapportering av meldingar og bortfall av pasientar i tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane.

Standard dokumentmalar i OPUS:

- «Informasjon til føresette»,
- «Bekymringsmelding til barnevern - vedrørende pasient som ikkje møter til tannbehandling,»
- «Bekymringsmelding til barnevernet - mistanke om omsorgssvikt.»
Desse skal leggest under dokumentmalar i Opus. Det blir ei dokumentert linje i journal ved bruk av desse (på lik linje med kjeve- ortopediske tilvisingar, andre tilvisingar og innkallingsbrev).

Tal på meldingar til barnevernet:

For å kunne hente ut antall sendte bekymringsmeldingar, registrerer ein slik:

Velg PERSONALIA:

Klikk på + tegnet ved «tilhørergruppe» velg deretter bokstaven B eller I for å finne:

- «Informasjon til føresette»
 - «Bekymringsmelding til barnevern - vedrørende pasient som ikkje møter til tannbehandling»
 - «Bekymringsmelding til barnevernet - mistanke om omsorgssvikt».
- Velg den melding du har sendt og deretter OK.
Pasientar som er registret med bekymringsmelding i PERSONALIA kan hentast fram igjen i statistikken under lister – arkivspørring - grupper.

Tal på bortfall av pasientar:

Dersom pasient ikkje møter til innkalling, registrerer ein pasient «ikkje møtt, med tilsendt brev», etter vanlig prosedyre. I tillegg registrerer ein pasient «ikkje møtt i inneverande periode» (tannhelsesdata, status). Dersom pasient tar kontakt og møter i inneverande periode, tilbakefører ein linja «ikkje møtt i inneverande periode».

For å hente ut talet «ikkje møtt i inneverande periode» etter årsslutt, vel ein lister – tannhelsestatistikk – krets – rapport år – individuelle data. Talet kjem fram i rubrikken IKKJE ved sida av NeiT.

Det er av betydning at prosedyrane er like på alle klinikkane, slik at samla tal blir mest mogleg korrekt.

Svakheita ved dette er at talet viser bortfall i eit gitt år, og er såleis ikkje eit mål på dei som heilt fell utanfor tilbodet i Den Offentlege Tannhelsetenesta (sosial og helsedirektoratet indikator 1).

Rutiner i Opus ved registrering av bekymringsmeldinger og informasjon til foresatte.

Antall pasienter som blir registrert på denne måten kan hentes fram under lister- arkivspørring ved å velge «til- hører grupper».

Det er veldig viktig at vi registrerer disse pasientene korrekt slik at vi kan hente ut korrekt statistikk.

Gjer følgende:


Velg personalia, deretter klikk på + tegnet ved «tilhører grupper»

Velg deretter eks bokstaven B. Du vil då få opp alle lagrede grupper på B. Velg deretter den bekymringsmelding inga du har sendt eks IKKJE MØTT. Velg deretter OK.

Liknande framgangsmåte ved informasjonsbrev sendt til føresette, men då vel du bokstaven I.

Når man ved årets slutt skal finne antall pasienter som er registrert på denne måten, går du inn på lister- arkivspørring og velger + tegnet under tilhører grupper slik som du gjorde på personalbildet.

Ved forespørsel skal klinikkssjefen hente ut tall for sitt klinikkområde.





SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Tannhelsetenesta
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no